



Teatermoro om tøys og tull og alvor i trafikken



Tysdag fekk dei aller fleste første- til fjerdeklassingane her i kommunen læra om trafikkreglane ved hjelp av ei spesiell taterframsyning. «Laffen» og «Kikka» var på

besøk og den godeste «Laffen» var ikkje alltid så nøyen på trafikkreglar og slikt der han ferdast. Ungane var med og hjelpte han til rette, og var levande engasjerte og

lærte om å oppføra seg i trafikken på ein humoristisk og lærerik måte. **SIDE 10**



- Kvifor skal eg bruka hjelm når eg står på rulleskøyter? Vaksne treng då ikkje hjelm! Seier Laffen, spelt av Leif Fjellidal. - Jooohooo!! er det klare svaret frå salen. Kikka held tomlane opp for det.

Teater om å bli trygg i trafikken

Me kan godt lære oss sunt trafikkvit ved å sjå på tøys og tull.

Brt: Nils-Tore Sele

Påstandan i ingressen til denne artikkelen vart bevist då fyrste- og andreklasseveivar frå Svortland, Foldrøy, Meling, Gilje og Rubbestadneset skular på tysdag fekk oppleve eit ellevilt og lærerikt teater om trafikk og trafikkskilt. Då vitja den to personar store teatergruppa Laffen og Kikka Svortland skule, og hadde

framsyning i gymsalen der.

Eit publikum på rundt 150 små bømblingar sat på gymsalgolvet og fekk med seg den dryge skuletimelange framsyninga, og jamvel måtte ein del av dei opp og hjelpe skodespearane med fleire av innslaga undervegs.

Då viste dei elevane det galdt stor kunnskap om både skilt og trafikkreglar, så at trafikktryggleik er eit tema alt i ung alder, er tydeleg her på Bømlo.

Laffen treng hjelp

Framsyninga gjev lærdom om

trafikkreglar og skilt på ein fin, og morosam måte, og set skulebarna inn i trafikkutfordringar som dei godt kan oppleve på sin skuleveg i det daglege, anten det er å kryssa eit fotgjengarfelt eller å ta skulebussen. Verkemiddel som ellevill humor blanda med alvor, song og musikk og ein god dose kommunikasjon med barna i publikum, fører framsyninga framover.

Den tullete og tankelausa Laffen, spelt av Leif Fjellidal, er ikkje til å stola på når han skal ut og ferdast på vegen. Flinke og samvitsfulle Kikka,

levandegjort av Christel Aas, må støtt og stadig trø til - ofte ved hjelp av barna til stades i salen, og berga han. For Laffen er skapt slik at han godt kan tenkja seg å gå på rulleskøyter på den gule stripa på vegen, eller han sit og tullar, syng og bles såpebobler i bussen og forstyrrar sjåføren. I slike situasjonar treng han både hjelp og gode råd med på vegen, viser det seg.

Vist på to bømlaskular

Teaterstykket «Ville veier og vrangle skilt» blir no vist for dei minste elevane på rundt 20

skular i fylket, fordelt på seks kommunar frå Sveio i sør til Fedje i nord. Turnéen skjer på oppdrag frå fylkestrafikkutvalet i Hordaland.

Før Laffen og Kikka kom til Svortland skule på tysdag, hadde dei også vore på Moster skule. Der fekk fyrste- og andreklassingar frå Moster og Hillestveit skular sjå ablegøyane til teaterduoen frå Søgne. Sju barneskular i kommunen fekk dermed med seg trafikkteateret.



Kikka, Christel Aas og Laffen, Leif Fjellidal, har skrive teaterstykket «Ville veier og vrangle skilt» sjølv. Her framfører dei fleire songar og god skikk og bruk i trafikken.



Kikka får hjelp av Konrad og Jenny frå salen når ho snakkar om fotgjengarfelt.